

Lykkeleg som liten....



Årsplan for Eikehaugen barnehage

Velkommen til nytt barnehageår!

Eikehaugen barnehage er ein del av Nordre Strand Oppvekstsenter, og er ein barnehage som er eigd og driven av Strand kommune.

Barnehagen er ein heildagsbarnehage med opningstid 06.45 til 16.15. Barnehagen har to avdelingar med til saman 36 heile plassar, 12 plassar på 0-3 årsavdeling og 24 plassar på 3-6 årsavdeling. Barnehagen vart bygd i 1991.

Barnehagen blir driven etter lov om barnehagar og kommunens vedtekter og etter gjeldande rammeplan. På heimesida til oppvekstsenteret vil du finna lenke til rammeplanen ved å gå inn på barnehagen sine sider. Rammeplanen gir retningslinjer for barnehagens verdigrunnlag, innhald og oppgåver.


Gunn Marte Bull er verksemdsleiar for både skulen, barnehagen og SFO.

***Adresse til heimesida til Nordre Strand oppvekstsenter:
<http://www.minskule.no/Nordrestrand>***




Innhald

Velkommen til nytt barnehageår!	2
Personale:	4
Foreldresamarbeid.....	4
Formål og visjon:.....	6
Omsorg, leik, læring og danning	7
Barns medverknad	8
Sosial kompetanse – vennskap og felleskap	8
Strand kommune sine satsingsområde:.....	9
Dagsrytme.....	11
Primærkontaktar:.....	11
Samarbeid mellom Barnehagen og SFO.....	11
Overgang barnehage – skule	12
Dei 7 fagområda i rammeplanen.....	13
Faste aktivitetar	16
Planleggingsdagar 2021 -2022	17
Årshjul liten avdeling:	18



Personale:



Styrrar:

Trine Ø. Sørskår (styrrar 50%)

Stor avdeling:

Marianne Livastøl (pedagogisk.leiar 100 %)

Janne Ulvestad (pedagogisk leiar 100 %)

Aud Grete Eie (assistent 80 %)

Ann Kristin Bjørkeland (fagarbeider 80%)

Gunn Krogevoll (assisten 40%)

Liten avdeling:

Anita Å. Byberg (pedagogisk .leiar 50 %)

Trine Ø. Sørskår (pedagogisk leiar 50%)

Carol S. Veland (pedagogisk leiar 40%)

Gerd Ravnås (assistent 80%)

Toril Sandvik (assistent 80 %)

Jane Stradner (assistent 50%).

Personalet i barnehagen ønskjer å gjera dagen i barnehagen best mulig for det einstilte barnet. Personalet skal vera lydhøre for barnets undring og søken etter kunnskap. Saman med foreldre/føresette ønskjer personalet å gi barnet ein god barndom, utvikla barnets sosiale kompetanse, gi tid for leik og utfalding, utvikla språkleg kompetanse m.m.

Personalet ønskjer å ta barna på alvor, sjå det einstilte barnet, respektera dets eigenverdi og vera lyttande i samspelet med barna.

På avdelingsmøter/personalmøter og planleggingsdager, vil personalet kontinuerleg evaluera/reflektera over arbeidet for å kvalitetssikra det arbeidet me gjer i barnehagen.

Foreldresamarbeid.

Viser til barnehagelova§1 Formål og § 2 Barnehagens innhold:

“Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek,og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.”

Me ønskjer å ha eit godt samarbeid med foreldre/foresatte. Det håper me at me får til blant anna gjennom introduksjonssamtale når barnet begynner i barnehagen og gjennom foreldresamtalar i løpet av året. Me legg også vekt på at barna og foreldrane blir tatt godt imot når dei leverer og hentar. Elles vil me ha foreldremøte, foreldrefrukost, markering av FN-dag der foreldre blir invitert.


Utover dette håper me sjølvstekt at foresatte tek kontakt når det er noko ein lurar på. Det er også ein representant frå foreldregruppa i barnehagen i samarbeidsutvalet på oppvekstsenteret.

Forventningar til foreldre/ foresatte

Seier i frå viss barnet skal bli henta av andre enn føresette.

Les og følger opp planar og beskjeder som kjem frå barnehagen

Har med klede som passer til årstidene



Me håper de tar kontakt med personalet, styrar eller SU dersom de er noko de vil ta opp.

Rerspekterer åpningstidene til barnehagen..

Formål og visjon:

Viser til barnehagelova§2 Barnehagen innhold

“Barnehagen skal være en pedagogisk virksomhet. Barnehagen skal gi barn muligheter for lek, livsutfoldelse og meningsfulle opplevelser og aktiviteter.”

Vår visjon er:

Lykkeleg som liten...

I det legg me at me skal ta vare **på kvart enkelt barn** og gje det annerkjennelse. Me har faste rutinar og grenser som skaper forutsigbarhet og tryggleik for barna.

Det er kvaliteten på relasjonane mellom barna og dei vaksne som me ønskjer skal vera det viktigaste hjå oss.

Me har som motto at “barn treng nære vaksne og barn treng barn”.



Omsorg, leik, læring og danning

Barnehagen skal ivareta barnas behov for omsorg, leik, danning, vennskap og felleskap. Innhaldet i barnehagen skal vera allsidig, variert og tilpassa det einskilde barnet og barnegruppa.

Omsorg i barnehagen kjem til uttrykk i kvardagssituasjonar og rutinar som f.eks. måltid, bleieskift og påkledning. Me møter barna **med nærheit, respekt, gir hjelp og viser at me både ser og høyrer på dei.**

«Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast» jmf. Rammeplane s.20

I leiken får barna utløp for fantasi, humor og nysgjerrigheit. Gjennom leiken får barna utvikla evnene sine med utgangspunkt i eigne føresetnader. Me legg til rette for at barna skal kunne leika/utvikla seg på sitt utviklingsnivå.(Jmf.Bhg.lova §2)

Uteleik og uteaktivitetar er også ein viktig del av barnekulturen som me vil ta vare på ved å tilrettelegga for leik ute i barnehagen, på skuleområdet og i nærområdet.

Barnehagen skal gi barna rom for nysgjerrighet, vitebegjær og bidra til eit godt grunnlag for livslang læring. Dette krev **lyttande, deltakande og aktive vaksne som kan “forska”saman med barna i alle daglege gjøremål.**

Barnehagen skal og vera med “å fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling, jmf. Barnehagelova §1) Dette skjer i barnehagen ved å leggja til rette for **samspel i leiken og at vaksne “ser barna” og reflekterer saman med barna om omgivelsane rundt seg.**

Danningsomgrepet

Barn blir danna i relasjonar. Danningsprosessen er ein kontinuerleg prosess der me ved hjelp av eigen og andres innsats og påverknad, kontinuerleg utviklar evna til å tenkja kritisk, løysa problem, reflektera og kjenna til alternativ. Gjennom gode erfaringar saman med omsorgspersonar og andre i omgjevnadene, lærer barna å handtera livet og bli verdfulle medlemmar av eit større felleskap.



Leik er læring
og barna sin
hovudverksemd

Barns medverknad

«Barnehagen skal sikre barna sitt rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for kva dei synes om det daglege verksemda i barnahgen jf. barnehagelova §§ 1 og 3, Grunnlova §104 og FNs barnekonvensjon art. 12 nr.1 Ein skal vektleggje synspunkta til barna i samsvar med alder og modenskap. Barna skal ikkje få meir ansvar enn dei er rusta til å ta» jmf. Rammeplan s.27

Me ønskjer å arbeida mot dette gjennom:

- **Å ha aktive og deltakande vaksne**
- **Å ha vaksne som ser og lyttar til barna.**
- **Å ha vaksne som viser respekt og omsorg.**
- **Å ha vaksne som gir barna høve til å finna svar sjølv.**
- **Å ha vaksne som lærer barna samspel med barn og vaksne.**
- **Alle barna skal bli oppmuntra til å gje uttrykk for sine tankar og meiningar og bli møtt med anerkjennelse for sine uttrykk.**

Sosial kompetanse – vennskap og felleskap

”Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungere godt saman med andre og omfattar ferdigheiter, kunnskap og haldningar som blir utvikla gjennom sosialt samspel» jmf. Rammeplanen s.22

I barnehagen vil me ha fokus på sosial kompetanse gjennom heile året. Det gjer me ved å ha leik / leikegrupper, temasamlingar og ved å vera bevisste vaksne som følger opp, rettleiar og støttar barna i dei utfordringar dei møter i kvardagen.

”Personalet er rollemodellar og bidreg gjennom eigen veremåte til at barn lærer sosiale dugleikar ”



Strand kommune sine satsingsområde:

I Eikehaugen barnehage har me vore med i eit kompetansehevingsprogram som heiter «språkløyper» sidan hausten 2016. Dette vil me fortsetja med i barnehage året 2021 – 2022.

Målet med dette satsingsområdet er få til eit godt språkmiljø i barnehagen. Forsking viser at lesing og samtalar rundt bøker har stor verdi for språkutviklinga og læringa hjå barn. I dette arbeidet vil me bruka eit kompetanseprogram som er utvikla av Nasjonalt senter for leseopplæring og leseforskning(lesesenteret) og Nasjonalt senter for skriveopplæring og skriveforskning(skrivesenteret).

Sjå www.sprakloyper.no dersom du vil vita meir om dette opplegget.




Me i barnehagen vil oppfordra alle foreldre/føresette til å lesa ofte og mykje for barna sine!



Inkluderande barnehagemiljø :

Strand kommune har frå hausten 2020 vore med i eitt satsningsområdet om **inkluderadne barnehage og skulemiljø**. Dette vil me fortsetja med dette barnehageåret også

Personalet skal få betre kompetanse om korleis ein kan :



Dagsrytme

kl. 06.45: Barnehagen opnar.

kl. 07.30: Leik

kl. 08.00: Frukost.

kl. 08.30: Leik og aktivitetar

kl. 11.00: Føremiddagsmat.

kl. 12.00 – 14.30: Uteleik/inneleik, avvikling av pausar, møter

kl. 14.00 /14.30: Ettermiddagsmat/frukt.

kl.16.15: Barnehagen stengjer.



Primærkontaktar:

Når barnet begynner, vil det bli møtt av primærkontakten sin. Primærkontakten vil ha eit ekstra ansvar for at barnet opplever det trygt og godt i barnehagen, spesielt i starten.



Samarbeid mellom Barnehagen og SFO.

Me held fram samarbeidet med SFO om å gi morgontilbod for elevane i 1.- 4.trinn.
Og det vil/kan vera sfo –barn i barnehagen i feriane.



Overgang barnehage – skule

Førskulegruppe:

Ein dag i veka har me førskulegruppe for alle førskulebarna som skal begynne på skulen til neste år. Det er viktig å førebu barna på skulestart, og me har som mål at overgangen skal gjerast så positiv og trygg som mulig.

Tema me jobber med der er:

Språklig medvit

Matematisk omgrep

Forskarhagen/forskarfabrikken

Sosial kompetanse

Skuleførebuande aktivitar gjennom leik.

Trafikkopplæring



Aktiviteter i førskulegruppa :

Avslutningstur

Besøk på Nordre Strand skule.

Avslutningsfest

Det vil vera overføringsmøte mellom barnehagen og dei skulane som me sender barna til.

Det møte vil finna stad i mai/ juni.

Det er og utarbeida ei handbok for overgong barnehage til skule i Strand kommune.(sjå heimasida)

Mat og måltid:

I barnehagen har me to “smøremåltid” kvar dag. Betalinga for måltida kjem på barnehagerekninga.

Barnehagen er tydeleg på å lære barna gode matvanar. Me legg vekt på god tid til måltida.

«måltider og matlaging i barnehagen skal gi barna eit grunnlag for å utvikla matglede og sunne matvaner» (Rammepleanen s. 11)



Dei 7 fagområda i rammeplanen.



Kvart fagområde dekkjer eit vidt læringsfelt, og dei vil sjeldan opptre isolert. Fleire område vil vera representerte i eit temaopplegg i samband med kvardagsaktivitetar og turar i nærmiljøet.

« Årets tema på stor og liten avdeling »

Dette året vil me på stor avdeling ha kropp, bevegelse og helse som gjennomgåande tema heile året. Ved å vera i gym.salen, og ved å ha turdag kvar veke, vil me bidra til at barna opplever trivsel, glede og meistring gjennom ulike bevegelseerfaringar inne og ute året rundt. Me skal også ha kjensler (følelsar) som tema. Kjensler har i stor grad innverknad på helse og trivsel.

Gjennom arbeid med fagområdet **Kommunikasjon, språk og tekst** skal me skapa eit variert språkmiljø i barnehagen. Me har faste lesegrupper, og me bruker ulike formidlingsmåtar for tekstar og forteljingar me brukar.

Kunst, kultur og kreativitet i barnehagen kan leggja eit godt grunnlag for identitet og tilhørighet. Barnehagen legg til rette for dette ved å bidra til at barna får vera saman om å oppleve og skapa noko, både gjennom kunst, handverk, design, musikk, dans og drama.

I Natur, miljø og teknologi skal barnehagen bidra til at barna får ulike naturopplevingar. Barnehagen vil gjennom turar leggja til rette for at barna kan bli nysgjerrige på naturvitskaplege fenomen, oppleve tilhørighet til naturen, og gjera erfaringar med bruk av teknologi og redskaper.

Fagområdet **Mengd, rom og form** handlar om å oppdaga, utforska og skape strukturar. Me i barnehagen legg til rette for at barna kan utforska og oppdaga matematikk i dagleglivet.

Fagområdet omfattar leikande og undersøkjande arbeid der det inngår mellom anna samanlikningar, plassering, orientering, former, mønster, tal og måling.

Etikk, religion og filosofi er med på å forma måtar å oppfatta verda og menneska på, og pregar på den måten verdiar, normer og haldningar. Barna får kjennskap til forteljingar, tradisjonar, verdiar og høgtider. Gjennom samtalar om og undring over eksistensielle, etiske og filosofiske spørsmål, skal barna få høve til sjølv både å formulera spørsmål, lytta til andre, reflektera og finna svar.

Gjennom utforsking, opplevingar og erfaringar skal barnehagen bidra til å gjera barna kjent med eige nærmiljø og lokalsamfunn. Gjennom temaet «Kven er eg», som me startar barnehageåret med, skal barna blant anna få visualisert ved kart kor alle bur.

På liten avdeling har me tema «BØKER»

I rammeplanen s. 23 står det « alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagekvardagen og få delta i aktivitetar som fremmar kommunikasjon og heilskapleg språkutvikling»

Ved å ha fokus på «Bøker» vil barna bli møtt med variert språk. Det er med på å vidareutvikla omgrepsforståing. Barna vil også oppleve spenning og glede med høgtlesing og forteljing. I årshjulet til liten avdeling vil det stå kva me har fokus på i den enkelte månaden.



”Årets gang....”

Me vil i løpet av året sjølvsagt også ta for oss årstidene og aktuelle hendingar/høgtider knytta til årets gang. (Sjå månadsplanane).

I løpet av året vil me også ha fokus på trygg ferdsel på tur ved trafikkert veg Og ferdsel på parkeringsplassen til skulen og barnehagen sitt området. I juni 2022 vil me ha ekstra fokus på trafikkreglar.



Faste aktivitetar

Temasamling

Me har temasamlingar kvar veke der me fokuserer på månadens tema, på fagområda m.m. (Sjå månadsplanane)

Turdag

Me bruker nærområdet til å gå tur i. Av og til vil heile barnegruppa gå på tur, andre gonger deler me oss inn i mindre grupper. Målet med turdagen er forutan fysisk aktivitet å bli kjent med dei ulike årstidene, bli glad i naturen og få ei god sosial fellesoppleving.

Gym.salen

Kvar veke disponerer kvar avdeling gym.salen i ca. ein time. I gym.salen gir me barna muligheit til og trene på fin – og grovmotoriske ferdigheiter. Målet er å stimulera til positive haldningar til fysisk aktivitet. I tillegg lærer barna, sangleiker, bevegelseleiker, reglar for leikar, venta på tur m.m.

«Barna skal inkluderast i aktivitetar der dei får bevege seg, leike og samhandle med andre og oppleve motivasjon og meistring ut i frå egne føresetnad», Rammeplanen s.49.

Fødseldagsfeiringar

Me feirer barn som fyller år med ei lita samling, og fødseldagsbarnet får ”krone” på hovudet og sitja i «Kongestolen». Me syng fødseldagssong, og fødseldagsbarnet får velja seg ein aktivitet frå «skattekista», t.d. fiska songar, velja eventyr, songleik m.m.



Planleggingsdagar 2021 -2022

Barnehagen er stengt disse dagane.

Dersom det blir endringar i desse datoane, vil me gi skriftleg informasjon i god tid.



16. august



17. august




12. november




3. januar

27. mai






Årshjul liten avdeling:






Månad	Tema og mål	Tradisjonar
August	<p><i>Bli kjent – tilvenning for nye barn.</i></p> <p>Sosial kompetanse: Nye og gamle barn, foreldre og tilsette skal bli kjende med kvarandre. Målet er å skapa trygge rammer for alle.</p> <p>Song: Leah er her, og Andreas er her osv.</p>	
September	<p>Vennskap – sosial kompetanse Bygga vennskap og sosialt felleskap mellom barna. Ha leikegrupper /lesegrupper .</p> <p>Boka : Musa leter etter en venn....</p> <p>Song: Det var en gang ett hus... Ned i jord.....</p>	Foreldremøte i september.
Oktober	<p>Nærmiljø og samfunn: Lære om korleis barn har det i Malawi.</p>  <p>Kommunikasjon, språk og tekst: Barna skal oppleve glede ved høgtlesing</p> <p>Boka: Ingrid-bøkene</p> <p>Song.. Vi er en lang rekke med venner</p>	Det blir sal av ting barna har laga. Inntektene av salet går til “ Kauma Village Youth and children center i MALAWI ”
November	<p>Kommunikasjon, språk og tekst: Barna skal få oppleve glede med høgtlesing og med å sjå kva bok vennene har som favoritt.</p> <p>Bok: Barna tar med si favorittbok</p> <p>Regle /Song: Dyrene i Afrika 5 små aper</p>	Me inviterer til gjensynsfest for barna som gjekk i barnehagen i fjor.

Månad	Tema og mål	Tradisjonar
<p>Desember</p> 	<p>Jul i barnehagen, Juleevangeliet</p> <p><u>Etikk, religion og filosofi:</u> Me fyller adventstida med forventning og glede. Kvar dag vil me ha adventsamling der me tenner lys” fyller opp julekrybba”.m.m</p> <p><u>Song:</u> På veg til Betlehem</p>	<p>Nissefest. Julefrukost. Luciaopptrinn på skulen.</p>
<p>Januar</p>	<p><u>Kunst, kultur og kreativitet:</u> Barna skal få oppleve ei bok med fantasi i.</p> <p>Boka : Gruffalo</p> <p><u>Song:</u> Snømenner,snømenner Bjørnen sover</p>	
<p>Februar</p>	<p><u>Mengd, rom og form:</u> Barna skal få kjennskap til ulike storleikar, mengd og teljing.</p> <p><u>Bok:</u> Tomas og Emma serien</p> <p><u>Song:</u> Hokus og pokus Reven og rotta og grisen</p>	<p>Karneval. 27. feb. bollemåndag.</p> 

Månad	Tema og mål	Tradisjonar
Mars	Bok: God natt Albert Åberg Song: Trollemor Pinnsvinfamilien	
April 	<u>Påske</u> <u>Etikk, religion og filosofi</u> Barna skal få kjennskap til den kristne høgtida påske. <u>Song:</u> En liten kylling i egget lå....	Påskefrukost for foreldre og søsken
Mai	17. mai <u>Nærmiljø og samfunn:</u> Barna skal få kjennskap til kvifor me feirar 17 mai. <u>Natur, miljø og teknologi:</u> . Bok: Hvem har bæsja på hodet? Song: Me roper høyt hurra... Alle fugler	
Juni 	<u>Mengd, tal og form:</u> Barna skal få leike med mengd og teljing, Samalikna storleiken på ulike ting f.eks. hjula på liten bil og stor bil. Bøker om køyretøy Song: Hjulene på bussen	Sommarfest. Skule og barnehage inviterer til grillfest for heile familien.

Årshjul stor avdeling

August	<u>Bli kjent</u> Fokus på leik og samspel 	Tilvenning. Bli kjent med nye venner. Sosial kompetanse.
September 	<u>Meg sjølv/Sosial kompetanse</u> Me vil ha «meg sjølv» som tema for å bevisstgjera oss og andre om kven me er som individ og gruppe. Me les vennebøker.	Foreldremøte
Oktober	<u>Følelsane våre</u> Målet er å gjenkjenne følesar hjå oss sjølv og andre. I oktober og november les me barna si eiga favorittbok.	FN : Innleiande kjennskap til menneskerettar.
November	<u>Sansane våre</u> Høyrsel, syn, smak, lukt og berøring. Sansane samarbeider for at me skal få oppleva verda rundt oss. Sansestimulering er viktig for hjernen sin utvikling.	Gjensynsfest 
Desember 	<u>Jul i barnehagen</u> Juleevangeliet, julehistorier og juleaktivitetar.	Luciaopptrinn på skulen. Nissefest, julefrukost.
Januar	<u>Mat og førdøyelse</u> Me vil ha fokus på at ulik mat inneheld ulike ting som gir kroppen det han treng. Eventyr i lesegruppene.	

<p>Februar</p> 	<p><u>Mat og fordøyelse</u> Fordøyelseprosessen frå mat til bæsje er ofte noko barna synes er morosamt og som då gir eit godt utgangspunkt for læring Me skal følga reisa gjennom kroppen for å få forståelse for funksjonane til ulike organ.</p> <p>Samiske fortellingar</p>	<p>Nasjonaldagen til samane 6. februar.</p> <p>Karneval. Bollemåndag 25. feb.</p>
<p>Mars</p>	<p><u>Påsketradisjonar</u></p>	
<p>April</p> 	<p><u>Blod og førstehjelp</u></p> <p>Me lærer om blod og blodet sine funksjonar.</p>	<p>Påskefrukost</p>
<p>Mai</p> 	<p><u>Blod og førstehjelp</u> Me lærer om førstehjelp.</p> <p>Barna skal få kjennskap til kvifor me feirar 17. mai.</p>	<p>17. mai.</p> 
<p>Juni</p>	<p>Me lærer om korleis me skal ferdast i trafikken!</p>  <p>GOD SOMMAR!</p>	<p>Sommarfest for alle. Grillfest for barnehagen og skulen</p> <p>Tur og avslutningskveld for førskolebarna.</p>